

Godt samspel

På dialogmøte 19. juni 2014 gjekk ein gjennom kva som skal vera grunnlaget for Godt samspel i Fusa kommune. Det var 3 grupper med politikarar, tillitsvalde og administrasjon utgjorde kvar sine grupper. Momenta frå kvar enkelt gruppe vart gått gjennom i plenum og sett opp på plakatar.

Det vart valt ei arbeidsgruppe som skulle arbeida vidare med det som kom fram på dialogmøte:

Frå politikarane: Birgitte Holmefjord Skibenes (SV), Hans Ekeberg (AP)

Frå tillitsvalte: Oddvar Helland (UTD), Marita Osebakken (FFO)

Frå administrasjonen: Gro Elisabet Almås, Terje Raunsgard

Grappa har fått fylgjande mandat:

1. Arbeidsgruppa skal systematisera innspela som blei presentert på samlinga den 19. juni og laga ei kort liste med punkt under overskrifta «Godt samspel i Fusa». Vi nyttar forma: Vi som er politikarar i Fusa skal Vi som arbeider i administrasjonen i Fusa skal ... Det skal vera like mange punkt på politikarane og adm si liste.
2. Arbeidsgruppa skal utarbeida eit forslag til debattopplegg omkring punkta slik at punkta vert debattert og forankra på politisk nivå.

Vidare prosess etter at arbeidsgruppa har fullført sitt arbeid:

3. Rådmann og ordførar vil så godkjenne lista og debattopplegget som saksgrunnlag og leggja saka fram for politisk handsaming med tilhøyrande debattopplegg. Endeleg vedtak i Kommunestyret.

Arbeidsgruppa har hatt eit møte den 9. april 2015

Dei momenta som kom fram på dialogmøte var på førehand sendt ut, summert opp og gruppert. Grappa gjekk gjennom og prioriterte kva som skal kjenneteikna God samspel for politikarar, tillitsvalde og administrasjon.

På dialogmøte kom det fram mange svært konkrete kjenneteikn som t.d. Overhalda tidsfristar, Gje tilbakemelding, Fylgja opp politiske vedtak. Arbeidsgruppa har lagt vekt på overordna kjenneteikn. Vi ser for oss at konkretisering av kva vi legg i dei enkelte punkta skal ta opp i seg ein del av dei konkrete utsegna.

Vi har også lagt vekt på at kjenneteikna i størst mogeleg grad skal vera positivt lada. Dei skal sei noko om kva me skal gjera i staden for å sei kva me ikkje skal gjera.

Følgjande er arbeidsgruppa sitt framlegg:

GODT SAMSPEL I FUSA KOMMUNE

Politikarar, administrasjon og tillitsvalte har tillit til kvarandre og snakkar Fusa kommune opp og fram!

Vi som er politikarar i Fusa kommune skal:

- vera bevisst på rolla vår
- tenkja heilskapleg og langsiktig
- ha tilstrekkeleg kunnskap om organisasjonen
- gjera tydelege prioriteringar og vedtak

Vi som arbeider i administrasjonen i Fusa kommune skal:

- arbeida målretta etter vedtekne planar
- sikra at vi har god kompetanse
- leggja til rette for gode prosessar
- gje sakleg informasjon

Vi som er tillitsvalde i Fusa kommune skal:

- vera bevisst på rolla vår
- vera engasjerte
- ha god kompetanse
- bidra til godt samarbeid

Debattopplegg

Arbeidsgruppa har i oppgåve å laga eit debattopplegg slik at punkta vert forankra.

Diskusjonen og grunnlaget for punkta over skjedde i dialogmøte der både politikarar, administrasjon og tillitsvalte var med i prosessen. Forankringa må skje med dei same gruppene som laga grunnlaget.

Gjennom gruppearbeid må ein utdjupa kva som ligg i kvart av punkta med 2 - 3 utfyllande setningar. Det viktigaste er likevel diskusjonen i fellesskap om kva ein legg i omgrepa.

Det bør vera ein samanheng mellom verdiane til Fusa kommune – Romsleg - og kva som skal kjenneteikna Godt samspel.

Innleiingsvis vert det difor ein gjennomgang av verdisetet til Fusa kommune som eit bakteppe for diskusjon i gruppene.

Ein frå arbeidsgruppa vil gje ei kort orientering om tankane bak framlegget frå arbeidsgruppa.

For å friska opp att diskusjonane frå sist dialogmøte vert dei momenta som vart diskutert då lagt ved. Dei er ikkje redigerte, men er grupperte for å gjera dei lettare å lesa i samanheng.

I tillegg er handlingsreglane for Romsleg lagt ved. Dei kan vera ein peikepinn korleis ein kan utdjupa framlegget frå arbeidsgruppa.

Det kan bli behov for bearbeiding av det som kjem fram på dialogmøte. I så fall bør arbeidsgruppa koma i saman og formulera ut eit framlegg som går via ordførar/rådmann og vidare til kommunestyret for endeleg vedtak.

Politikar gr 1	Politikar gr 2	Politikar gr 3	Tillitsvalte	Administrasjon
Forventingar til adm/ TV	Forventningar til adm/TV	Forventning til adm/TV	Forventningar til	Kva kan de forventa av

			administrasjonen	administrasjonen
<ol style="list-style-type: none"> 1. God, tydeleg og informativ saksframstilling (adm) 2. Følgja opp politiske vedtak (adm) 3. God og open kommunikasjon (adm) 4. Positiv framstilling av kommunen (alle) 5. Ta saker opp i rett fora (TV) 6. Sakspapir i god tid (adm) 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Følgja opp KOM-vedtak raksare (adm) 2. Overhalda tidsfristar (adm) 3. Levera kvalitet i alle ledd (adm) 4. Ta med TV i prosessar (adm) 5. TV er aktive og engasjerte, må levera (TV) 6. TV kjem opp med saker på eige initiativ (TV) 	<ol style="list-style-type: none"> 1. God saksutgreiing (adm) 2. Tydlege framlegg til vedtak (adm) 3. Følgja opp politiske vedtak (adm) 4. Løypemeldingar, status kvar står saka i dag (adm) 5. Tilbakemelding på eventuelle endra føresetnadar (adm) 6. Uttalar frå TV må vera forankra hos medlemmene (TV) 7. At vi har oftare dialogmøte, 1 gong pr år (adm) 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Informer <u>tidleg</u> 2. Ta oss med på råd før saka er avgjort 3. Vi forventar å få tilbakemelding innan tidsfristane 4. Løys saka på lågast mogeleg nivå 5. Tydelege ansvarsliner, kven gjer kva. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. At vi føl opp politiske vedtak 2. At me jobbar planmessig etter mål 3. At vi rapporterer avvik 4. At vi gjev sakleg og reell informasjon 5. At me ønskjer å levera gode tenester 6. At vi har kompetanse på det vi driv med 7. At vi er lojale 8. At vi ønskjer dialog og samarbeid 9. At vi er leiarar - ikkje sjefar 10. At vi nyttar rett adresse 11. At vil snakkar tillitsvalde og politikarar opp og fram 12. At vil alle ynskjer det beste for innbyggjarane i Fusa kommune 13. At vi er stolte av å vera leiarar i Fusa kommune
Forventningar frå adm / TV til politikarar	Forventningar frå adm / TV til politikarar	Forventningar frå adm / TV til politikarar	Forventningar til politikarane	Forventningar til politikarane

<ol style="list-style-type: none"> 1. Tydelege val / prioriteringar 2. Ingen skjult agenda 3. Verknad / konsekvens av politiske vedtak 4. God kjennskap til organisasjonen 5. Tydelege politiske vedtak / gjennomførbart 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Gjev økonomiske rammer slik at lover og reglar kan fylgjast 2. At politikarane er forutsigbare 3. Visa i handling at ein ser heile kommunen under eitt. 4. Snakkar opp kommunen 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Vera tydelege i bestillingar og vedtak me gjer 2. Setja oss <u>godt</u> inn i sakene 3. At politikarane er bevisst på kva rolle me har. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Tenk langsiktig 2. Tenk heilskapleg 3. Tenk heile Fusa, ikkje bygdevis 4. Tydelege og konkrete vedtak og prioriteringar 5. "Bli ferdig" 6. Lytt til fagfolk 7. Husk kva "hatt" du har på deg når 8. Kall ein spade for ein spade 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Prioriterar 2. Set seg inn i sakene 3. Er forutseielege, held seg til vedtekne planar 4. Jobbar langsiktig og etter plan 5. Høyrer på fagpersonar 6. Tydlege bestillingar 7. Nyttar rett adresse 8. Har tillit til vurderingane frå administrasjonen 9. Har tillit til administrasjonen 10. Gjev positive tilbakemeldingar 11. Snakkar opp leiarane sine
			Kva kan de forventa av TV	Forventningar til TV
			<ol style="list-style-type: none"> 1. At ROMSLEG er utgangspunkt for all samhandling 2. Kunnskap og kompetanse 3. God kommunikasjon 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Nyttar rett adresse 2. Er med i medgang og i motgang 3. Held fram med å vera gode på dialog og samarbeid 4. Ser at vi samarbeider til medarbeidarane sitt beste 5. Hjelper administrasjonen med å følgja lov og forskrift 14. Ynskjer dialog og ikkje kamp

R espekt	<i>Når eg viser andre respekt, kva gjer eg då:</i> Eg lyttar til andre sine meiningar. Eg aksepterer at vi er ulike. Eg er presis og held avtalar.	<i>Kva gjer eg i alle fall ikkje:</i> Eg baksnakkar ikkje andre. Eg latterleggjer ikkje andre.
O msorg	<i>Når eg viser omsorg for andre, kva gjer eg då:</i> Eg ser, prøver å forstå, og har tid til andre. Eg gir «litt ekstra» for at andre skal ha det bra. Eg gir ros og oppmuntring.	<i>Kva gjer eg i alle fall ikkje:</i> Eg bagatelliserer ikkje andre sine kjensler og meiningar. Eg er ikkje likegyldig til andre.
M ot	<i>Når eg er modig, kva gjer eg då:</i> Eg tek opp vanskelege ting med den det gjeld. Eg tek utfordringar og er open for endring. Eg er ærleg og kan be om hjelp.	<i>Kva gjer eg i alle fall ikkje:</i> Eg let ikkje vera å ta ansvar. Eg vel ikkje minste motstands veg.
S amarbeid	<i>Når eg samarbeider, kva gjer eg då:</i> Eg er fleksibel. Eg deltek i prosessar og er lojal mot vedtak. Eg prøver å gjera andre gode.	<i>Kva gjer eg i alle fall ikkje:</i> Eg gjer ikkje berre det som passar meg best. Eg let ikkje vera å ta omsyn til andre sine meiningar.
L øysingsorientert	<i>Når eg er løysingsorientert, kva gjer eg då:</i> Eg viser vilje til å finna løysingar. Eg kjem med innspel og idear. Eg kan snu om på eigne planar og opplegg.	<i>Kva gjer eg i alle fall ikkje:</i> Eg leitar ikkje etter problem. Eg kosar meg ikkje med misnøya.
E ngasjert	<i>Når eg er engasjert, kva gjer eg då:</i> Eg er interessert i jobben min. Eg tek initiativ. Eg gir av meg sjølv.	<i>Kva gjer eg i alle fall ikkje:</i> Eg gjer ikkje berre det eg må. Eg er ikkje negativt innstilt.
G odt humør	<i>Når eg viser godt humør, kva gjer eg då:</i> Eg leitar etter det gode i folk og sak. Eg har fokus på det som er bra. Eg deler dei gode historiene.	<i>Kva gjer eg i alle fall ikkje:</i> Eg hengjer meg ikkje opp i bagatellar. Eg spreier ikkje misnøye.